


04.11.2009

Forslag til grunnavtalar utsendt



Kommunen har tidlegare opplyst at den har som målsettjing å koma i gang med neste steget i kloakkreinseanlegget i Uskedalen like over nyttår. Det er å føra kloakken frå dei sentrale delane av bygda til reinseanlegget på Børnes.

No har dei berørte grunneigarane fått oversendt forslag til grunnavtale. I brevet som er vedlagt forslaget skriv saksbehandlar Jarle Fossheim at om forslaget vert akseptert, skal eit tinglysingseksemplar signerast og returnerast til han. Det er også han som skal svara på spørsmål om saka.

Også fleire andre byggjesaker er handsama:

* Kommunen har gjeve Ingrid og Frode Bu på Ytre Eik løyve til frådeling av ein parsell som skal nyttast til bustad, hytte og marina.

Arealbruken er i samsvar med kommunedelplan og reguleringsplan.

* Johan Sunde med fleire har fått grønt lys for riving av den gamle sildoljefabrikken i Beinavikjo. Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla og det ligg ikkje føre merknader.

* I det siste møtet sitt vedtok forvalningskomiteen på visse vilkår å dispensera frå byggje forbodet for terrassar og tretelt på Øyro Marina og Rabben Ferriesenter. Det gjeld prosjekta til Svein Ragnar Myklebust i Stavanger, Emil Gunnar Vatna på Stord, Sigmund Skjoldal i Sem ved Tønsberg og Magni Håkonsdotter Utne på Nå. Den enkelte søknaden vert no behandla administrativt etter at saka har vore til politisk handsaming.

Verksemder Tormod Fossheim opplyser at arbeidet med slutføring av reguleringsplanen for dei to turistanleggja er starta.

Av Ola Matti Mathisen